

## Nynorske godbitar på nordisk antikvarbokmesse

(NPK): Nynorsk Antikvariat i Tvedestrand har temautstillinga «Nynorske godbitar» på den store bokmessa i Oslo denne helga. Heile 33 utstillarar frå Danmark, Sverige, Finland og Noreg er med på messa, som er open for publikum frå fredag til søndag.

Det er 40 år sidan ei tilsvarande antikvarbokmesse har vore arrangert her i landet, og her finst sjeldne bøker i alle prisklassar. Eit antikvariat i Oslo legg fram

«Catilina» av Henrik Ibsen til ein kvart million kroner.

Antikvar Arne-Ivar Kjerland i Nynorsk Antikvariat har samla nynorske godbitar i lang tid og byr på uvanlege og sjeldsynte nynorskbøker, mellom andre fleire førsteutgåver av Arne Garborg, Tarjei Vesaas, Kristofer Uppdal og Olav Nygard. (©NPK)